

Inkluderande arbeidsliv (IA)

Eit arbeidsliv med plass til alle



Me ynskjer ein god og inkluderande arbeidsplass med godt arbeidsmiljø

5 tips

til eit godt IA-samarbeid

1

Auk kompetansen

Skaff dykk kunnskap om IA og korleis de kan jobbe med det.

2

Skap gode arenaer

Sett opp faste møter med leiar, tillitsvald og vernombod.

3

Få oversikt

Kartlegg arbeidsmiljøet og sjukefråværet på arbeidsplassen.

4

Sett dykk mål

Bli einige om kva de vil oppnå, og lag ein plan.

5

Hald trykket oppe

Kontinuerleg IA-samarbeid over tid gir resultat.

For meir om IA, verkemiddel og verktøy for din arbeidsplass: idebanken.org/ia

Arbeidsgjevar si rolle

Arbeidsgivar har hovudansvaret for å skape ein inkluderande arbeidsplass.

I IA-arbeidet skal arbeidsgivar:



Ta initiativ til å setje i gang IA-arbeidet



Involvere tillitsvalde og verneombodet i IA-arbeidet



Finne møteplassar og tid for å snakke saman om IA på arbeidsplassen



Sørgje for at IA-arbeidet blir ein naturleg del av leiaroppgåvene



Setje fokus på førebyggjande arbeidsmiljøarbeid



Bidra til å finne løysingar for lange og gjentakande sjukefråvær

Tillitsvalde si rolle

Tillitsvalde har ei viktig rolle i arbeidet med å skape ein inkluderande arbeidsplass.

I IA-arbeidet bør ein tillitsvald vere ein:

- Pådrivar
- Haldingsskapar
- Samarbeidspartnar
- Forslagsstillar
- Støttespelar

Dette kan for eksempel bety:



Ta opp IA på medlemsmøte og forankre IA-arbeidet hjå kollegaer



Setje IA på dagsordenen på arbeidsplassen



Setje fokus på førebyggjande arbeidsmiljøarbeid



Kome med forslag til tiltak



Samarbeide med verneombodet om arbeidsmiljøspørsmål